

Styremøte Voss Idrottsråd 20.8.18

Idrettshallen, 19-21

Fyrste styremøte for det nye styret etter årsmøtet 2018

Møtt: Frode Roke, Anne Karin Dugstad, Gry Bystøl, Olav Farestveit. Sven Oscar Moseid, Einar Melve.

Ikkje møtt: Andreas Hemli (pga innkalling sendt til feil epostadresse) Nils Helge Kvamme

Sak 1: Konstituering av styret.

Olav Farestveit er vald til styrar 1 år til.

Anne Karin Dugstad vart vald til nestleiar.

Frode fortset som kasserar

Renate fortset som sekretær, er på val neste år.

Gry Bystøl, nettsideansvarleg

Sak 2: Oppfølging av årsmøtet og planar framover

- Angående behovet for styrka kontakt med laga, auka formidling og betra kommunikasjon, som kom tydeleg fram på årsmøtet: Skal Idrottsrådet lage eiga FB-sida? Me registrerer at mange idrottsråd har eige FB-side for formidling og deling av nyheiter og dokument. Det er fornuftig å bruke HIK til å hauste erfaringar og råd også ang kommunikasjonsarbeid.
- Me set punktet opp som styresak neste styremøte..
- Temakveld i løpet av hausten? Debatt om "den norske modellen", ideologi og betraktningar med ulike synspunkt presentert. Andre tema? Anne Karin kjem med fleire temaforslag på neste styremøte.
- Diskusjon om formulering av innspel frå Idrottsrådet til reguleringsplan ang framtidig nytt dekke til fleirbruksanlegget (friidrettsbanen/fotballbanen) og elles Sentralidrettsanlegget. Viktig at Idrottsrådet er tydeleg på å ta omsyn til alle idrettane sine behov og interesser. Einar ber om at me endrer formuleringa om

naturgrasdekke, og ikkje uttrykker spesifikt kva type dekke som bør vere, då det inneberer at me favoriserer ein idrett framfor ein annan.

- Bømoensaka: undersøke kva som er problemstillinga og stoda no for tida. Kva tenkjer kommunen, kva med kommuneplanen, og kva er brukarane sine behov? Har det skjedd noko nytt? Kva er utfordringane for dei ulike laga? (Korleis ser dei for seg eit samarbeid med grunneigar?)
Skal me invitere Voss Kommune til å informere oss om kva skjer når, ang reguleringsplan, kommuneplan osv.?
Deretter invitere repr for Voss kommune saman med t.d. Andreas Hemli for luftfartsidrett og Nils Asbjørn Lie i Viljar IL (ev andre?) om å kome og presentere dei siste problemstillingane for oss.
- Me skal arbeida for å sikre rammevilkåra og interessene til idrettslaga (kapasitet og pris) i høve bruk av dei kommunale og fylkeskommunale idrettsbygga, herunder Vossabadet blant anna. Renate undersøker med Voss IL Symjegruppa korleis stoda er i høve samarbeid og rammevilkår med Vossabadet. Anne Karin undersøker reglane for fylkekommunale bygg, og Nils Helge blir bedt om å orientere oss i forhold til kommunale bygg.
- Me tek ein runde med Voss kommune når det gjeld justering av midlar til drift og vedlikehald av sommar- og vinteranlegg.
- Friluftsråd er nevnt som sak VIR skal arbeide for å opprette i vår kommune. Er dette vår oppgåve? Spele ballen til Voss Utferdslag? Me sjekker med HIK korleis idrettsråda skal forhalde seg til dette?

Prioriteringsliste før jul:

- Møte med kommunen ang Bømosaka, representant i kommunen, Galåen: når kan ho fortelje oss noko, er det noko nytt?
- Deretter møte med kommunerepr. og brukarane av Bømoen.
- Temakveld

Renate Lunde
sekretær

